



Arkivnr: 2017/17901-9

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet - Status i arbeidet ved Deloitte

### Bakgrunn for saka:

#### Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 8/18 i møte 05.02.2018:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 26.02.2018.
3. Det vert akseptert ein samla timerressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Det er ønskeleg at Deloitte kjem med forslag til prioritering av forslag til tiltak som går fram av revisjonsrapporten.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av juni 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

#### Av den føreslåtte prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke i kva grad Hordaland fylkeskommune oppfyller sitt ansvar for transportberedskap på fylkesvegnettet, under dette korleis beredskapsarbeidet er organisert og om det er utarbeidd system og rutiner for å følgje opp beredskapsarbeid på veg i samsvar med regelverk og overordna retningslinjer. Det er også eit føremål å undersøke korleis Hordaland fylkeskommune samarbeider med relevante aktørar som kommunar, Statens vegvesen, politi og transportaktørar når det gjeld transportberedskap.»

#### Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. **Har fylkeskommunen avklart transportberedskapsbehovet i fylket?**

- a. *I kva grad er det gjennomført risiko- og sårbarheitsanalyser knytt til transportberedskap på veg i Hordaland fylkeskommune, som gir oversikt over:*
  - *kva kriser som kan utløyse transportbehov,*
  - *kva typar transportbehov det dreier seg om, og*
  - *korleis transportberedskapen kan organiserast for å sikre at dei kartlagde behova blir dekt på ein hensiktsmessig måte?*
2. ***I kva grad har Hordaland fylkeskommune organisert arbeidet med transportberedskap på ein måte som ivaretek det ansvar og dei oppgåver fylkeskommunen har for sivil transport på vegnettet?***
  - a. *I kva grad er det utarbeidd beredskapsplanar knytt til transportberedskap på vegnettet?*
    - *I kva grad er det utarbeidd planar for elevtransport ved eventuelle kriser og andre alvorlege hendingar som påverkar transport av elevar ved dei vidaregåande skulane?*
    - *I kva grad er planar for transportberedskap gjort kjent i organisasjonen?*
    - *I kva grad blir det gjennomført naudsynt opplæring og øvingar for relevant personale som er involvert i fylkeskommunen sin transportberedskap?*
  - b. *I kva grad har fylkeskommunen etablert system og rutinar for å sikre at arbeidet med transportberedskap blir følgt opp i samsvar med utarbeidde beredskapsplanar og krav i regelverk?*
  - c. *I kva grad har fylkeskommunen etablert tenlege system for varsling og kommunikasjon ved større kriser og ulukker?*
3. ***Har fylkeskommunen etablert system for evaluering og kontinuerleg forbetring av transportberedskapen på vegnettet i etterkant av større kriser?***
  - a. *I kva grad har fylkeskommunen etablert system og rutinar for å evaluere eiga handtering av transportbehov i samband med større kriser?*
  - b. *I kva grad blir det sett i verk naudsynte tiltak for å utbetre og styrke arbeidet med transportberedskap på veg som følgje av ev. gjennomførte evalueringar?*
4. ***I kva grad har fylkeskommunen etablert samarbeid med relevante aktørar når det gjeld å sikre transportberedskapen på vegnettet?***
  - a. *Har fylkeskommunen utarbeidd oversikt over kven som kan ha særskilte roller og oppgåver innan sivil transportberedskap, under dette oversikt over relevante transportaktørar, løyvehavarar mv.?*
  - b. *I kva grad har fylkeskommunen etablert samarbeid og inngått avtalar med aktuelle aktørar med omsyn til planlegging og utføring av transportberedskap, som t.d. kommunar, Statens vegvesen, fylkesmannen, politi, transportnæringa eller andre?*
    - *Er eventuelle samarbeid og avtalar som er inngått formidla til Samferdselsdepartement, i samsvar med gjeldande regelverk?*
  - c. *Blir det gjennomført årlige kontaktmøte med aktørar og samarbeidspartnarar som kan ha særskilte roller i den sivile transportberedskapen?*
  - d. *I kva grad er det lagt til rette for samhandling med andre fylkeskommunar knytt til transportberedskap på vegnettet?*

**Det er formulert slik avgrensing av dette prosjektet:**

«Forvaltningsrevisjonen er avgrensa til å omhandle fylkeskommunen sitt beredskapsarbeid knytt til transport på vegnettet i forbindelse med større kriser, som til dømes flaum, ras og større ulykker.»

#### Drøfting:

Deloitte vil i møtet orientere om status og framdrift i prosjektet. Dei vert også utfordra på å ta opp med kontrollutvalet dersom dei ser tilhøve (raude eller gule flagg) som gjer at det bør gjerast endringar i bestillinga.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. godkjend prosjektplan, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*